

Tjenestemannsorganisasjonene ved UiO

Dato: 28.04.2021
Dykkar
ref.:
Vår ref.: 2010/6143 GUDLEIK

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 28.04.2021

Frå organisasjonane

- Caroline Hals og Elin Arntzen - NTL
- Tina Næss og Helene Amunsen Nissen-Lie – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Maren Ringstad – Forskarforbundet
- Asle Fredriksen – Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb – dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør, referent

Innkallinga vart godkjend.

Elin Arntzen, NTL, viste til at ho ikkje hadde motteke innkalling/sakspapir og ba om å bli ført opp i framtidige innkallingar.

Forskerforbundet meldte ei sak til eventuelt om forlenging av stipendiatstillingar grunna forseinkingar i prosjekt.

Drøftingssak

1. Bruken av midlertidige stillingar ved fakultetet

Fakultetet hadde sendt ut ei oversikt som viste utvikling i talet på midlertidige 2004-2020. Det var også sendt ut eit lengre notat som gjorde greie for status med omsyn til åremålsheimla midlertidige (stipendiatar og postdoktorar) og ikkje-åremålsheimla midlertidige, samt

- faste tilsettingar med varigheit over tre år
- eventuell faste tilsetjingar i bistilling eller på eksterne midlar
- oppseiingar ved bortfall av ekstern finansiering og arbeidsoppgåver



Fakultetsadministrasjonen

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

- korleis bruken av midlertidige kontraktar (og pandemi) påverkar arbeidsmiljøet
- bruken av timeløn og honorar
- innleige frå bemanningsføretak

Fakultetsdirektøren viste til at bruken av midlertidige har gått svakt attende frå 2019 til 2020 (frå 16 % til 15 % for midlertidige vitskaplege stillingar), men dette kan ha samanheng med redusert aktivitet som følgje av pandemien. Fakultetet har hatt ein sterk vekst i eksterne finansiering, som også vert spegla att i bruken av midlertidige. Grunneiningane er uroa for at oppgangen vil vere ved og er forsiktige med å tilsetje i faste stillingar pg.a. den risikoen det inneber.

Forskerforbundet viste til at det også er mogleg å tilsetje fast på eksterne midlar.

Akademikerne lurte på kva fakultetet gjer for at belastninga ved mange eksterne prosjekt og frikjøp ikkje skal bli for stor for resten av den faste staben. Dekanen viste til at det også vart tilsett vikarar, men at dette kanskje kunne skje i større grad enn det gjer i dag, særleg med tanke på at fakultetet har eit akkumulert mindreforbruk.

NTL ynskte at fakultetet ser på bruken av pensjonistar på timelønn og honorarer.

Dekanen gjorde kort greie for status for arbeidet med å lage forslag til tiltak for karrierestøtte for postdoktorar. Forskerforbundet viste til at postdoktorane sin rett til å søke eksterne forskingsmidlar har vore eit tema, og lurte på kva som galdt for faste tilsette forskarar. Dekanen svarte at ho ikkje var kjend med at nokon forskarar var nekta å søkje midlar. På generelt grunnlag viste ho til at søknadar om forskingsmidlar må godkjennast av instituttet og at dette ligg til arbeidsgjevarens styringsrett.

INFORMASJONSSAKER

1. Orientering om forlengelsar for stipendiatar og postdoktorar som er heime med små born grunna korona

I lokalt IDF-møte med organisasjonane i mars vart det etterspurt korleis ein handterer forskyvning/forlengelsar for stipendiatar og postdoktorar som er heime med små born grunna korona.

Det vart opna for at stipendiatar og postdoktorar i perioden 13. mars til 1. juni 2020 kunne få forskyvning for fråvær utover 10 dagar, utan at fråveret var samanhengjande. Ved SV gjekk arbeidsgjevar igjennom fraværet til alle stipendiatar og postdoktorar i denne perioden, og oppfylte dei krava fekk dei forskyvning (jmf. Forskrifta § 2-3 (2).

Stipendiatar og postdoktorar har etterspurt om det kjem ei «automatisk forlengelse» lik den som var våren 2020, sidan det er fleire som har hatt periodar med karantene der dei har måtte vere heime og passe dei små.

Avdeling for personalstøtte har svart at det ikkje kjem ein slik automatisk forlenging og at fakultetet skal legge det som står på UiO si nettside om Arbeidstid til grunn:

«Noen stipendiater/postdoktorer kan ha et større antall fraværsdager som ikke utgjør to sammenhengende uker også etter 1. juni. Hvis dette utgjør særlig omsorgsbelastning som har vært til hinder for prosesjonen kan man søke forlengelse med hjemmel i Forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat § 2-3 (6) (lovdata.no). Søknader på dette grunnlaget vurderes individuelt og behandles av ansettelsesorganet.»

Forskerforbundet oppmodar fakultetet om å vere tydelege og rause og unngå byråkratiske rutinar som krev tid og ressursar. Dei andre organisasjonane støtta Forskerforbundet i dette.

Dekanen viste til at fakultetet er underlagt UiO sine reglar i slike saker.

EVENTUELTT

Forskerforbundet viser til at stipendiatar ved Psykologisk institutt er uroa over at dei ikkje får beskjed om dei vil kunne forvente forlenging av stipendiatstillingar grunna forseinkingingar i prosjekt. Dei har fått beskjed om at dei vil få vite dette først mot slutten av tilsettingsperioden. Verneombodet støttar Forskerforbundet og viser til at denne gruppa er svært utsett, sidan pandemien har påverka mange av dei faktorane som har innverka direkte på det forventa sluttproduktet.

Dekanen viste til at situasjonen for denne gruppa har vore mykje diskutert med instituttleiarane og internt ved grunneiningane. Minst like viktig som forlenging er tett oppfølgjing frå leiar og rettleiar.

Forskerforbundet oppmoda fakultetet om å presse på for å få forståing for behovet for tydeleg beskjed om forlenging og viset til den krevjande situasjonen dette er for denne gruppa.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikke signert.

Saksbehandlar:

Gudleik Grimstad

+4722856265, *gudleik.grimstad@sv.uio.no*